

Utgreiing om samfunnsansvar i Helse Bergen

2024

Innhold

Innleiing	2
Om utgreiinga	2
Om rapporten for 2024	3
Sosiale forhold.....	4
Menneskerettar og anstendige arbeidsforhold	4
1. Innkjøpsområdet	5
2. Arbeidskraft hos kontraktørar (bygg med vidare)	8
4. Medarbeidarar i Helse Bergen (ufrivillig deltid/ tilkallingsvikar og etisk rekruttering)	10
Medarbeidarar og mangfold.....	11
Miljøforhold.....	14
Klima	14
Naturmangfold og økosystem	15
Økonomiske forhold.....	17
Skatt og førebygging av økonomisk kriminalitet	17
1. Økonomisk utruskap, bedrageri og underslag.....	18
2. Antikorrupsjon og habilitet	19
3. Internasjonalt samarbeid	21
Oppsummering av område vurdert i 2024.....	24

Innleiing

Helse Bergen er ei stor verksemd, målt i både aktivitet, økonomi og tal på tilsette. Sjukehuset har stor påverknad på sine omgjevnadar på mange ulike vis, og saman med dette følgjer det ei forplikting om at vi skal opptre som ein ansvarleg aktør.

Staten stiller, mellom anna gjennom *Eierskapsmeldingen* St.6 (2022-2023), krav og forventingar til at statleg eigde verksemder er leiande i arbeidet med samfunnsansvar. For spesialisthelsetenesta handlar samfunnsansvaret om korleis vi løyser vårt samfunnsoppdrag i samspel med andre, og korleis vi arbeidar for at vår verksemd i minst mogeleg grad skal ha *negativ påverknad* på menneske, miljø og samfunn.

Statens mål som eigar er at verksemder i spesialisthelsetenesta drifter berekraftig og effektivt oppnår helsepolitiske mål. Ein vanleg definisjon av berekraftig utvikling er: «Ei utvikling som varetar dagens behov utan å øydelegge moglegheitene for at kommande generasjonar skal få dekka sine behov.»

***Eierskapsmeldingen* inkluderer ambisjonar, mål og strategiar innan sosiale forhold, miljøforhold og økonomiske forhold. Det er balansen og samspelet mellom desse tre faktorane som avgjer om verksemda er berekraftig eller ikkje.**



Om utgreiinga

Til grunn for denne utgreiinga ligg eit felles rammeverk for samfunnsansvar i spesialisthelsetenesta, sjå vedlegg. Rammeverket klargjer kva rammar/føringar som gjeld for dei ulike områda og korleis spesialisthelsetenesta skal arbeide med å sikre etterleving.

Rapporten er laga med utgangspunkt i mal som følgjer med sjølve rammeverket. Denne malen gir ein oversikt over lovkrav i regnskapsloven, likestillings- og diskrimineringsloven og Openheitslova som helseføretaka skal rapportere på i utgreiinga for samfunnsansvar. Lovverket stiller fleire krav til innhaldet i utgreiinga, mellom anna ein omtale av vesentlege risikoområde som er avdekka, og tiltak som er sett i verk eller planlagt sett i verk.

Arbeidet med å lage utgreiinga er gjort av ein arbeidsgruppe med deltararar frå einingane som har det overordna systemansvaret for dei områda som er vurdert.

Involvering og medverknad er tatt i vare gjennom deltaking i arbeidsgruppa av representantar frå føretakshovudverneombod og føretakshovudtillitsvald. I tillegg har utgreiinga vore i drøftingsmøte og i FAMU og vore presentert for Brukarutvalet. I styringslina har utgreiinga vore diskutert i Føretaksleiinga og i styret. Perspektiv og innspel frå forankringsarbeidet har blitt innarbeidd i utgreiinga.

I 2025 blir utgreiing om samfunnsansvar fremja for styret i Helse Bergen i same møte som årsberetninga. Utgreiinga skal signerast av styret og administrerande direktør.

Om rapporten for 2024

Som i dei to føregåande åra har vi i rapporten vald å dekkje eit breitt spekter av tema, utan at vi i år har lagt til nokre nye område for vurdering.

Når vi ser på kor risikovert vurdert som størst, eller vi meiner at det framleis står att eit stykke arbeid med å få ein god oversikt over risikoen, så er det det framleis dei same områda som peiker seg ut som tidlegare.

I ein særstilling står her temaet miljø og klima. Vi meiner her å ha ein velutvikla systematikk og struktur for oppfølging og overvaking av dette området, men vi må anerkjenne at det står att mykje arbeid for at sjukehuset skal nå dei nasjonale klima- og miljømåla. Her må det gjerast krevjande prioriteringar sett opp mot dei forventingane som finst til sjukehuset sitt samfunnsoppdrag.

I rapporten for i fjar løfta vi elles fram tre område som gjennomgangen viste at det var grunn til å arbeide meir med. Dette med utgangspunkt i at vi mente at vi ikkje hadde tilstrekkeleg med innsikt og underliggende til å

- Innkjøp der Sykehusinnkjøp *ikkje* inngår og forvaltar kontraktane
- Naturmangfold og økosystem
- Antikorrupsjon/habilitet

Ved gjennomgang av status for 2024 ser vi at det framleis er desse fire områda som bør prioriterast med tanke på å gjere utviklingstiltak.

For dei andre områda i rapporten har vi kort oppsummert status i 2024, med vekt på kva som er gjort av tiltak og utviklingsarbeid. På nokre felt er det ikkje gjort noko særleg med utviklingsarbeid, basert på at ei vurdering om risikoen er låg.

Ved å likevel ha dei med i rapporten følgjer vi dei opp systematisk frå år til år. På denne måten tar vi i vare krav om aktsemdvurdering og kontinuerleg oppfølging og vurdering av dei områda vi er opptatt av.

Alle områda er oppsummert i ein tabell i slutten av rapporten.

Generell styrking av merksemada på samfunnsansvar gjennom informasjonsarbeid (Innsiden) og tematisering i *Lederplattformen* er framleis aktuelt. Vi ser at det er behov for å samle informasjon om nokre av dei mest aktuelle temaene på ein annan måte enn det har vore så langt. Vi har her mellom anna sett til korleis andre føretak har presentert sitt arbeid med samfunnsansvar, og ser at vi har noko å lære. Særleg når det gjeld å samle aktuelle tema på ein stad for å gje oversikt og lett tilgang til informasjon for medarbeidarane.

Vi ser elles at det står att å få på plass noko meir overordna styrande dokumentasjon i Elektronisk kvalitetshandbok (EK).

Sosiale forhold

Menneskerettar og anstendige arbeidsforhold

Lover og sentrale føringer:

Lov om verksemders openheit og arbeid med grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold (openheitslova)

§ 4.Plikt til å utføre aktsemdvurderingar

Openheitslova

Loven pålegg ei informasjonsplikt og ei plikt til å gjennomføre aktsemdvurderingar som skal vere tilgjengeleg i ein offentleg rapport.

§ 5.Plikt til å gjere greie for aktsemdvurderingar

Helseføretaket si utgreiing:

Innleiing

Dette gjeld arbeidssituasjon, vilkår og arbeidsbelastning for dei menneskeleg ressursane som bidreg til at sjukehuset kan levere sine tenester. Det gjeld sjølvsagt for dei tilsette i sjukehuset. Men perspektivet her må vere vidare enn som så, og i tillegg inkludere innleid personell, personell som bidreg til å byggje og utvikle infrastrukturen i sjukehuset, og personell som inngår i leveransar av både tenester og varer til sjukehuset, slik det vert stilt krav om i Openheitslova.

Aktuelle tema som er vurdert under dette området er:

1. Innkjøpsområdet (nasjonalt, regionalt og lokalt)
2. Arbeidskraft hos kontraktørar (bygg med vidare)

3. Arbeidskraft innleid i Helse Bergen
4. Medarbeidarar i Helse Bergen (stillingsprosent og etisk rekruttering)

Menneskerettar og sosiale forhold er eit omfattande område. Det har vore nødvendig å avgrense temaa i denne utgreiinga. Andre moglege tema som ikkje er vurdert her er til dømes rett til fagorganisering, samvitsfridom for helsepersonell og pasientrettar (rett til helse med vidare).

Utfordringa med å etterleve samfunnsansvaret på dette området blir større jo lengre ein kjem bort frå kjerneverksemda i sjukehuset og ut i dei underliggjande leverandørkjedene.

Dette området skil seg elles ut ved at det blir stilt krav til gjennomføring av aktsemdvurderinger. Føremålet med aktsemdvurderingane er å få oversikt og vurdere risiko for om det skjer brot på menneskerettane og anständige arbeidsforhold, både internt i verksemda og hos leverandørkjeder og dei ein gjer forretningar med.


1. Innkjøpsområdet

Innkjøp der Sykehusinnkjøp inngår og forvaltar kontraktane

For størstedelen av innkjøpa som blir gjort i Helse Bergen om lag 5,9 milliardar kroner (om lag 80 %) frå 2024, er det Sykehusinnkjøp som inngår kontraktar, forvaltar avtaler og følger opp leverandørar på vegne av føretaket. For denne andelen er det Sykehusinnkjøp som ettergår samfunnsansvar og gjennomfører aktsemdvurdering for heile leverandørkjeda for dei varekategoriane som dei vurder har høgast risiko. For nærmere utgreiing sjå [Handlingsplan samfunnsansvar 2023-2025 \(sykehusinnkjop.no\)](#).

Handlingsplanen til Sykehusinnkjøp viser oppsummert følgjande prioriterte område:

Handlingsplan med prioriterte områder for samfunnsansvar 2023-2025



Innkjøp der Sykehusinnkjøp ikkje inngår og forvaltar kontraktane

Innleiing

Ein gjennomgang av status har tidlegare avdekkat at det var mangelfullt med gode innkjøpsrapportar, tilstrekkeleg barrierar, og retningslinjer som tek omsyn til aktsemdsverdning.

Område som tidlegare har vore peikt på som aktuelle:

1. Rapport med måltal for avtaledekning må ferdigstilla, og tas inn som del av verksemdsrapportering for å sikre avtalelojalitet.
2. E-læringskurs som skal lagast i regional regi må kvalitetssikrast, og bli tilgjengeleiggjort og gjennomført av alt relevant personell.
3. Det må vurderast om aktsemdvurdering skal inngå som ein del av leverandørregistreringa, der dei same etiske retningslinjer som Sykehusinnkjøp nyttar vert lagt til grunn. Dette må diskuterast saman med Helse Vest.

I Helse Bergen blir dette området overordna tatt i vare av Forsyning- og innkjøpsenteret i Hospitaldrift, som er ei eining i Drift/teknisk divisjon.

Forbetringsarbeid sidan førre rapportering

I 2024 er det via innkjøpsforum i Helse Vest vorte laga ein Power BI rapport for avtalelojalitet. Denne KPI-en gir god innsikt og grunnlag for kontinuerleg betring av kjøpsmønster i føretaket. Publisering på føretaket sin Rapportportal er anteken vil skje i april 2025. Etter publisering kan vi ta denne inn i den rullerande rapporteringa frå verksemda.

E-læringskurs «innkjøp i Helse Vest» er utarbeidd via innkjøpsforum for å sikre auka kunnskap, for alle som har roller innan bestilling av varer og tenester, om rammevilkår og aktørar for samhandling for å gjere innkjøp i Helse Vest. Dette skal bidra til å sikre høg avtalelojalitet og at ein handlar i tråd med gjeldande regelverk. Kurset vart publisert i februar 2025. Arbeid med tildeling til relevant personell som krav i kompetanseportalen står att, og er planlagt i løpet av våren 2025.

LIBRA forvaltning i HVIKT har gått gjennom leverandørregisteret for Helse Vest. Registeret er vaska etter sletta i Brønnøysund og inaktivert siste 15 månadar, som resulterte i at om lag 2700 leverandørar vart avslutta i innkjøpssystemet.

Oppdatert risikovurdering

Kjøpsdata for 2024 viser at 80 % av kjøpsverdien gjerast frå leverandørar der Sykehusinnkjøp har inngåtte kontraktar, og som såleis har ivareteke vurdering av forsyningskjelde. 16 % av kjøpsverdiane er tilknytt kjøp som er merka som unntatt avtale. Dette er hovudsakleg statlege- og kommunale føretak, samt kjøp av eksterne helsetenester.

Det er 4 % av verdiane som er kjøpt frå leverandørar utan at Sykehusinnkjøp er involvert eller ikkje kan knytast til å vere unntatt avtale. Ei overordna analyse av desse innkjøpa viser at 97 % er kjøpt frå norske leverandørar, som har krav på seg om å følgje openheitslova, medan kun 3 % er kjøpt frå utanlandske leverandørar. Av dei utanlandske leverandørane finn vi at kun 0,4 % kan knytast til leverandørane som ifølgje «Responsible Sourcing Tool» har betydeleg risiko for brot på menneskerettar. Desse verdiane er i hovudsak relatert til bistand og prosjektarbeid i avdeling for internasjonalt samarbeid i føretaket og Laboratorieklinikken.

Utvikling dei 3 siste år:

	2022	2023	2024
Avtaleleverandør	81 %	74 %	80 %
Ikke avtale-leverandør	19 %	8 %	4 %
Unntatt avtale	*	18 %	16 %

*leverandørdata ikkje merka unntatt i database

Riskobiletet innan innkjøp er relativt likt som tidlegare, men tiltaka beskrive ovanfor og tiltak som skal jobbast videre med vil over tid kunne redusere risikoen.

Tiltak i 2025

Vi må jobbe videre med å sjå til at KPI avtalelojalitet vert ein del av verksemderapporteringa i føretaket. Sidan innkjøp og avrop på avtaler er desentralisert, og i all hovudsak blir gjort i den enkelte klinikks/sekjon (jamfør fullmaksstruktur) vil dette vere eit godt verktøy for å avdekke kva ein treng å jobbe med for økt avtaledekning og evt. justeringar på kjøpsmønster.

Vi kan undervegs i 2025 måle kor mange av relevant personell som tar e-læring «innkjøp i Helse Vest» og følgje opp at personell har fått relevant informasjon.

Ved aktiv bruk av avtalelojalitetsrapporten og kompetanse i innkjøp og lovverk legg vi til rette for at Helse Bergen ytterlegare reduserer sine kjøp utan avtaler i åra framover, og gjer kjent at Openheitslova må følgjast.

I regionalt fagnettverk for innkjøp og forsyning har Helse Bergen meldt behov for å gjennomgå krav til framtidige leverandørar i forhold til etisk handel og produksjonskjeder.

Helse Bergen har også meldt behov for tilgangsavgrensing til fritekstkjøp i system, som kan medverke til å få ned kjøp utan avtale. Desse to punkta over krev samarbeid på tvers med andre HF i regionen og Helse Vest, og er såleis blitt med inn i handlingsplan for området.

2. Arbeidskraft hos kontraktørar (bygg med vidare)

Innleiing

Overordna mål ved inngåing av kontraktar med prosjekterande og entreprenørar: Verksemda skal fremja respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold ved å stille strenge krav i kontraktane.

I tillegg til gjeldande lovregulering finst det følgjande føringsar/styrande dokumentasjon i Helse Bergen: Helse Bergen har eigne seriøsitsetskrav utover det som Sjukehusinnkjøp har. Dokumentet ligg under grunnlagsdokument på IT-base, der både Sjukehusinnkjøp, Prosjektkontoret og Teknisk avdeling har tilgang.

Sykehusinnkjøp hjelper ved inngåing av kontraktar, forvaltar avtalar og følgjer opp leverandørar på vegne av Helse Bergen. Ved planlegging og inngåing av rammeavtalar, skal Prosjektkontoret og Teknisk avdeling samarbeide, og ha representantar med i møta med Sjukehusinnkjøp, då begge avdelingane skal nytte dei same aktørane.

Helse Bergen utfører sjølv kontrollar i tillegg til dei kontrollane Sykehusinnkjøp gjennomfører. Skildring av kva kontrollar og korleis desse er utførte er beskrivne i

«Kvartalsrapport arbeidslivskriminalitet og sosial dumping», som jamleg blir delt med styret.

Helse Bergen har også representantar som deltek i «Seriøsitetsforum Vest», som er omtalt i kvartalsrapportane. I dette fora blir det diskutert korleis byggherrar kan førebyggje, kontrollere og sanksjonere arbeidslivskriminalitet. I tillegg til tett samarbeid med Arbeidstilsynet har vi også godt samarbeid med FairPlay Vestland.

Det blir arbeidd med erfaringsoverføring i etterkant av større prosjekt, for å kartlegge og forbetre kontraktane. I tillegg kjem samarbeid med Arbeidstilsynet og Fairplay Vestland, for å få oversikt over regelendringar/endra lovkrav som vi kan implementere i kontraktane våre. Ikkje minst er det viktig å få kartlagt kva sanksjonsmoglegheiter som ligg føre når vi avslører brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Sanksjonane må vera av ein karakter som skremmer og hindrar at vi får useriøse aktørar som kontraktspart.

I Helse Bergen blir dette området overordna tatt i vare av Prosjektkontoret, som er ei eining i Drift/teknisk divisjon.

Forbetringsarbeid sidan førre rapportering

Bemanninga er styrka med ein stilling, og det blir framleis jobba med å få ein samarbeidskanal mellom Prosjektkontoret og Teknisk avdeling.

Oppdatert risikovurdering i 2024

Risikoene på dette området vert framleis vurdert som låg.

Tiltak i 2025

Det er ikkje laga nye tiltak for dette området for 2025.

3. Arbeidskraft innleigd i Helse Bergen

Innleiing

Avtale om innleige av helsepersonell og administrativt støttepersonell frå eksterne byrå er regulert av nasjonale rammeavtalar. Sykehusinnkjøp HF divisjon nasjonale tenester inngår og forvaltar nasjonale rammeavtalar på vegne av helseregionane i Noreg.

For å ha god oversikt og kontroll med innleigemorådet er det berre Bemanningssenteret, som er ein seksjon i Personal- og organisasjonsavdelinga, som har fullmakt til å gjere avrop på avtalar om innleige av personell (som ikkje er knytt til byggjeprosjekt). Leiar i Bemanningssenteret deltek i den nasjonale gruppa som inngår og reviderer avtalar.

Bemanningssenteret følgjer opp at leverandørane følgjer dei krava som er sett til byråa i rammeavtalane. Bemanningssenteret bestiller og registrerer alle vakter på dei innleigde vikarane. På denne måten har føretaket oversikt over kompetansekrav, overtid, sjukefråvær, IKT-tilgangar med vidare.

I Helse Bergen blir dette området overordna tatt i vare av Personal- og organisasjonsavdelinga.

Forbetringsarbeid sidan førre rapportering

Det er ikkje gjort endringar i eksisterande barrierar eller tiltak, i forhold til det som har vore praksis dei seinare åra. Det er ikkje gjort endringar i rutinar for innleige av helsepersonell sidan 2022. Det er ikkje sett i gang forbetringsarbeid spesifikt mot dette området.

Innleigenivået av helsepersonell i Helse Bergen er svært lågt samanlikna med dei andre helseføretaka i Noreg.

Oppdatert risikovurdering i 2024

Risikoene på dette området vert framleis vurdert som låg.

Tiltak 2025

Det er ikkje laga nye tiltak for dette området for 2025.

4. Medarbeidarar i Helse Bergen (ufrivillig deltid/ tilkallingsvikar og etisk rekruttering)

Innleiing

Ufrivillig deltid/ tilkallingsvikar

Det er ei overordna målsetjing at føretaket skal utvikle ein heiltidskultur og tilsetje i heile faste stillingar. Denne policyen er fastsett i styrande dokumenter for bemanning og rekruttering i føretaket.

Med bakgrunn i heiltidspolicyen har Helse Bergen som mål å redusere talet på tilkallingsvikarar. For å ha god styring og kontroll på inngåing av nye avtalar er det berre Bemanningssenteret som kan inngå slike avtalar. Ved å overvake om enkelte tilkallingsvikarar jobbar så mykje at dei har krav på ein fast stillingsstorleik, vil ein over tid kunne bidra til at vikarar kan få fast arbeid. Mange av tilkallingsvikarane er studentar eller pensjonistar som ikkje ønskjer ei heil, fast stilling. Vi ser likevel at det særleg innan nokre eininger kan vere nokon som ønskjer høgare stillingsprosent og fast stilling.

Bemanningssenteret har særleg merksemd på desse, då dei ofte ikkje sjølv kjenner sine rettar.

Med dei eksisterande barrierane og tiltaka som finst, vart risikoen på dette området i 2024 vurdert som å vere låg.

Etisk rekruttering

Verdas helseforsamling (WHO) har vedtatt ein kode for etisk rekruttering av helsepersonell WHO - The Global Code of Practice som tar sikte å at land ikkje aktivt skal rekruttere personell frå andre land som sjølv har stor mangel på helsepersonell. Særleg vil ein unngå ei aktiv rekruttering av helsepersonell frå utviklingsland. Noreg har forplikta seg til The Global Code of Practice

I Helse Bergen blir dette området overordna tatt i vare av Personal- og organisasjonsavdelinga.

Oppdatert risikovurdering

Risikoen på dette området er framleis vurdert som låg.

Forbetringsarbeid sidan førre rapportering

Per desember 2024 har 44 kvinner og 14 menn oppgitt at dei ønskjer høgare stilling. I 2023 var tilsvarande tal 40 kvinner og 26 menn. Dette syner at det systematiske arbeidet med å redusere uønskt deltid har gitt resultat (*Kilde: Heiltidsmodul*).

Tiltak i 2025

Det blir ikkje sett i gang nye tiltak på dette området.

Medarbeidarar og mangfold

Lover og sentrale føringar:

Likestilling – og diskrimineringsloven §26

Innleiing


Helse Bergen arbeider aktivt for å auke inkludering, fremje likestilling og hindre diskriminering etter gjeldande lov- og avtaleverk, og i samsvar med dei mål og forventningar eigar har til helseføretaket som ansvarleg arbeidsgjevar. Likestilling og diskrimineringslova inneheld krav til aktivt, målretta og planmessig arbeid for å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunnlag av

- kjønn,
- graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon,
- omsorgsoppgåver,

- etnisitet, religion, og livssyn,
- funksjonsnedsetjing,
- seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk eller kombinasjonar av dette

Om aktivitets- og forklaringsplikta

Saman med tillitsvalde og vernetenesta utarbeidar føretaket årleg rapport om Likestilling, inkludering og mangfald (LIM) etter mal frå 4-stegmodellen som følgjer av likestilling – og diskrimineringslova §26 (2)



Utgreiinga omhandlar føretaket sitt arbeid for likestilling og mot diskriminering som arbeidsgjevar innanfor dei lovpålagte områda jf likestilling og diskrimineringsloven §26 (1)

- rekruttering
- forfremjing og utviklingsmoglegheiter
- løns- og arbeidsvilkår
- tilrettelegging
- moglegheiter til å kombinere arbeid og familieliv
- arbeidd med å hindre trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald på desse områda.

Arbeid for likestilling og mot diskriminering og arbeid for å førebygge trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald inngår i strategisk arbeid, dagleg drift, utviklingsarbeid, i løns- og personalpolitikken, og er tema i føretaket sine retningslinjer for rekruttering, likeløn, tilrettelegging og livsfase- og seniorpolitikk.

I Helse Bergen blir dette området overordna tatt i vare av Personal- og organisasjonsavdelinga.

Forbetringsarbeid sidan førre rapportering

Av dei ulike tiltaka blir prosjektet «Karrieresenteret» her omtalt særskilt. Prosjektet starta opp hausten 2023. Føretaket har frå januar 2024 pilotert prosjektet. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt med NAV og deira samarbeidspartnarar. Pilotprosjektet vart utvida og skal evaluerast i første halvdel av 2025. «Karrieresenteret» skal mellom anna bidra til arbeidsutprøving, arbeidspraksis i Helse Bergen for tilsetje som grunna helsemessige utfordringar ikkje kan arbeide i stillinga dei har. Karrieresenteret skal også inkludere ikkje tilsetje arbeidstakrar med funksjonsnedsettingar eller som av andre grunnar står utanfor arbeidslivet med opplæringsplassar (arbeidspraksis/arbeidsutprøving)

Ved å samle dette arbeidet éin stad, hos Karrieresenteret med kursa rettleiarar, vil føretaket lettare kunne få oversikt over omfang, behov og moglegheiter. Dette gjer det også mogleg å gi gode rapporteringar på inkluderingsarbeidet. Ved å ta meir styring på innhald og utviklingsmål for opplæringsplassane, tek føretaket sikte på at opplæringa blir meir systematisk og med betre innhald.

Karrieresenteret har teke i bruk «inkluderande jobbdesign» som metode for å kartleggje arbeidsoppgåver som kan utførast av personar utan fagutdanning. Det er eit verkemiddel for å inkludere personar med set ned arbeidsevne samtidig som føretaket får dekt viktige arbeidsoppgåver. Rådgjevar i Karrieresenteret er sertifisert i metodikken og er i pilot med einingar i Medisinsk klinikkk.

Prosjektet vurderer at det er ein risiko for at tilrettelegging ved funksjonsnedsetjing ikkje gir ønskje effekt om det ikkje blir set inn risikoreduserande tiltak. Eksisterande kontinuerlege tiltak retta mot opplæring, styrande dokumentasjon og rettleiing av leiarar, reduserer risiko betydeleg. Ein vurderer at tiltak som « der skoen trykkjer» retta mot tilrettelegging ved sjukdom og funksjonsnedsetjing, også vil redusere risiko. Føretaket bør evaluere dette før eventuelle nye tiltak blir planlagde og sett i verk.

Oppdatert risikovurdering

Risikoene på dette området er framleis vurdert som låg.

Tiltak 2025

For området likestilling, inkludering og mangfold, sjå tiltaksoversikt under Likestillingsutgreiinga 2024 (styresak 25-19).

Miljøforhold

Klima

Lover og sentrale føringer:

Regnskapsloven § 3-3 c

Føretak som er omfatta av loven utarbeide ei utgreiing om samfunnsansvar som minst omhandlar miljø, sosiale forhold, arbeidsmiljø, likestilling og ikkje-diskriminering, etterleving av menneskerettar og nedkjemping av korruption og bestikking.

Felles klima og miljømål for spesialisthelsetenesta.

Helseføretaket si utgreiing:

Innleiing

Spesialisthelsetenesta har vedteke felles mål for å redusere klimagassutslepp, men måla kan bli vanskeleg å oppfylle om dei ikkje heng saman med dei andre forventingane knytt til spesialisthelsetenesta.

For at Haukeland universitetssjukehus skal nå hovudmålet om 40 % reduksjon av klimagassutslepp innan 2030 vil det krevje høg prioritering på energiområdet framover. Utbyggingane og utvidinga av areal gjer det svært krevjande. Haukeland universitetssjukehus har laga ein tiltaksplan for å nå energieffektiviseringsmålet, men det er risiko for at mangel på kapital gjer at ein ikkje når målet.

Haukeland universitetssjukehus har miljøleiing, og er miljøsertifisert etter ISO 14001:2015 standarden. Det inneber at sjukehuset arbeidar systematisk med miljø- og klima ved å kartlegge, identifisere risiko og utarbeide mål og handlingsplanar med tiltak.

Spesialisthelsetenesta har vedteke felles mål for å redusere klimagassutslepp og har utarbeida indikatorar for å følgje opp måla. Hovudmålet er at klimagassutslepp skal reduserast med 40 % innan 2030, og vi har tiltak som gjer oss klimanøytrale innan 2045.

Miljøstyringssystemet er framstilt i EK (Elektronisk kvalitetshandbok). Spesialisthelsetenesta sine felles mål er ein del av Utviklingsplanen 2035, langtidsbudsjettet, og fleire av delplanane til sjukehuset. Haukeland universitetssjukehus rapporterer årleg i klimagassrekneskapen, direkte utslepp (scope 1 og 2), og indirekte utslepp frå innkjøp av varer og tenester (scope 3).

Det blir utført ein årleg gjennomgang av miljøstyringssystemet, som blir lagt fram for føretaksleiinga og presentert i styret.

I Helse Bergen blir dette området overordna tatt i vare av Personal- og organisasjonsavdelinga.

Forbetringsarbeid sidan førre rapportering

Det er gjennomført forbeteringar på klimarekneskapen og forbruksdata som kan bidra til betra oversikt over forbruket på einingane.

Oppdatert risikovurdering

Risikoен på dette området vert vurdert som relativ høg for manglande måloppnåing av dei nasjonale klima- og miljømåla.

Tiltak i 2025

1. Arbeide vidare med klimabudsjettet for å tydelegare kopla miljø- og klimamål saman med sjukehusdrifta og det økonomiske budsjetten.
2. Viser elles til tiltak som kjem i handlingsplan etter leiinga sin [årlege gjennomgang av miljøstyringssystemet](#).

Naturmangfold og økosystem

Lover og sentrale føringar:

Regnskapsloven § 3-3 c

Føretak som er omfatta av loven utarbeide ei utgreiing om samfunnsansvar som minst omhandlar miljø, sosiale forhold, arbeidsmiljø, likestilling og ikkje-diskriminering, etterleving av menneskerettar og nedkjemping av korruption og bestikking.

Helseføretaket si utgreiing:

Innleiing

Naturmangfold og økosystem er omtalt i «[Standard for klima og miljø i sykehusprosjekt](#)» som er utarbeidd av Sykehusbygg, og skal inngå som ein del av grunnlaget for avgjerder i alle sjukehusprosjekt. Lokalisering av nye bygg skal ikkje plasserast på lokasjonar som er ugunstig for det biologiske mangfaldet. Miljøoppfølgingsplanen for Helse Bergen bør vere ein del av grunnlagsdokumenta i alle byggjeprosjekta. Bevaring av biologisk mangfold og overflatevatn er omtalt i dette dokumentet.

Vesentlege forstyrringar eller vesentleg bortfall i bygningsmasse og infrastruktur, inkludert naturhendingar/ekstremvær som forårsakar svikt i kritisk infrastruktur er dekt i overordna beredskapsplan kap. 1.2. Alle avdelingar/klinikkar skal ha planar for vidare drift ved både kortsiktig og langsiktig bortfall av kritisk infrastruktur. Det er rutinar for tilstandsvurdering av bygg og anlegg i Multimap, og ny tilstandsvurdering vart gjennomført i 2024. Grunnlagsdata for kartlegging av eigendomane risiko og sårbarheit grunna klimatiske forhold vil bli definert.

Som nokre konkrete døme på eksisterande tiltak innanfor området er at Parken i Hagevik Sjukehus er freda, og blir forvalta i tråd med Landsverneplanen. Det er etablert ein takhage i Sentralblokka som bidreg til auka grøntareal og biologisk mangfald og i samråd med anleggsgartnerane lèt Helse Bergen enkelte plenar vere uklipte. Uklippe plenar gir ulike vekstforhold for planter, og mangfaldet av planter tiltrekker seg ulike insekt og smådyr. I tillegg vil vi sjå på innkjøp av sommarblomar og staudar som bidreg til betre levevilkår for insekt.

Naturmangfald og økosystem bør inn som ein del av Helse Bergen sin årlege gjennomgang av miljøstyringssystem. Dette vil tillate identifisere konkrete mål for å vareta naturmangfald. Vidare kan tiltak for å redusere forureining både i vatn og på land, slik som installasjon av effektive avløpssystem og bruk av miljøvennlege reingjeringsmiddel.

Det blir arbeidd med ein utomhusplan for Helse Bergen som skal identifisere mål og tiltak som bør fastsetjast for å vareta naturmangfaldet og grøntareal til sjukehuset. I Utomhusplanen vil ein kunne regulere inn forslag om krav, som til dømes etablering av grøne tak og veggar på bygg som kan bidra til å auke biodiversiteten ved å gi levestadar for insekt og fuglar.

Gjenbruk av byggjemateriale og inventar blir nytta i både nybygg- og dessutan rehabiliterings prosjekt.

I Helse Bergen blir dette området overordna teke i vare av Drift/Teknisk divisjon.

Forbetringsarbeid sidan førre rapportering

Det må gjerast ein grundigare gjennomgang av dette området for å få ei betre forståing av risikobiletet. Naturmangfald og økosystem er eit område som det ikkje har vore stort fokus på i Helse Bergen. Det er knapt med areal og dermed er grøntareaala under press for å bli nedbygd.

Helse Bergen har eksisterande bygningar som er verneverdige. Ved å bevare og gjenbruke desse bygningane, varetak ein kulturminne og identitet samtidig som det er redusert

behov for nybygg. Dei fleste byggjeprosjekta i dei kommande åra er i ifølge arealdelplanen, lokaliserte på allereie utbygd eigedom, eller utbetring av eksisterande eigedomsmasse. Byggjeverksemda vil då ikkje ha behov for å ta i bruk nye området til utbyggingsformål, og det vil derfor bidra til å redusere press i økosystemet.

Oppdatert risikovurdering

Det står att å kartlegg potensielle risikoar for naturmangfald og økosystem som kan oppstå som følgje av aktivitetane til sjukehuset. Dette kan inkludere forureining, habitatøydelegging, spreiing av framande artar og nedbygging av natur.

Tiltak i 2025

Det blir arbeidd med ein utomhusplan for Helse Bergen som skal identifisere mål og tiltak som bør fastsetjast for å vareta naturmangfaldet og grøntareal til sjukehuset.

Økonomiske forhold

Skatt og førebygging av økonomisk kriminalitet

Lover og sentrale føringer:

Regnskapsloven § 3-3 c

Føretak som er omfatta av loven utarbeide ei utgreiing om samfunnsansvar som minst omhandlar miljø, sosiale forhold, arbeidsmiljø, likestilling og ikkje-diskriminering, etterleving av menneskerettar og nedkjemping av korruption og bestikking.

Eierskapsmeldingen: Selskapet arbeider systematisk for å forebygge økonomisk kriminalitet som korruption og kvitvasking i eiga verksemd og i leverandørkjeda.

Helseføretaket si utgreiing:

Innleiing

Aktuelle tema som er vurdert under dette om:

1. Økonomisk utruskap, bedrageri og underslag
2. Antikorruption
3. Internasjonalt arbeid

Av styrande dokumentasjon som ligg til grunn for førebygging av økonomisk kriminalitet og antikorrupsjon har Helse Bergen dei [etiske retningslinene](#) som gjeld for føretaksgruppa i Helse Vest. I tillegg finst det etiske retningsliner for arbeid med innkjøp i Helse Vest.

Selskapet har ekstern revisor. Føretaket har mottatt rein beretning frå revisor. Det blir gitt informasjon til styret i samband med årleg gjennomgang av rekneskapen.

Når det gjeld anskaffingar som blir gjort i samband med byggeprosjekt samarbeider Prosjektkontoret med Sykehusinnkjøp i utforming av kontraktane slik at vi varetar førebygging av arbeidslivskriminalitet. Sjå elles omtale av dette temaet tidlegare i utgreiinga.

Som helseføretak er ikkje Helse Bergen skattepliktige, med unntak av bandasjistverksemda. Omsetninga for denne aktiviteten er på 7,3 millionar kronar, og skattekostnaden på om lag 417.000 kronar. Skattepapira blir revidert og signert av revisor.

1. Økonomisk utruskap, bedrageri og underslag

Innleiing

Ein del av arbeidet med å forhindre økonomisk kriminalitet gjeld sikring mot misbruk av offentlege midlar. Det gjeld både forsøk på svindel frå eksterne aktørar og forsøk på økonomisk utruskap og underslag frå tilsette i føretaket.

Føretaket ein fullmaktstruktur som skal følgjast ved kjøp av varer og tenester. Dette kjem fram i Orfu og i overordna fullmaksmatrise.

Arbeidsdeling i innkjøpsprosessen og fire auge-prinsippet skal førebygge at medarbeidarar gjer anskaffingar til eiga vinning. Dette er integrert som ein del av Libra. Størst mogleg bruk av avtaleleverandørar er ei annan type sikring mot misbruk.

Økonomiavdelinga har utvida kontroller kor det ved kvar utbetaling blir utført kontrollar mellom betalingsforslag og faktura/bankkontonummer/varemottak.

Opprettning av nye leverandørar og endring av bankkontonummer skjer av vårt søsterselskap – Helse Vest IKT. Det finst kontrollrutinar knytt til månadleg gjennomgang av rekneskapen. Det same gjeld for gjennomgang av prosjektrekneskap.

I Helse Bergen blir dette området overordna tatt i vare av Økonomi- og finansavdelinga.

Oppdatert risikovurdering

Risikoен på dette området er framleis vurdert som låg.

Tiltak i 2025

Ingen ytterlegare tiltak er planlagd.

2. Antikorrupsjon og habilitet

Innleiing

Korrupsjon er i strafferetten definert som det å bestikke eller ta imot bestikking i form av pengar, gåver eller andre tenester i bytte mot fordeler eller annan form for vinning som ein ikkje har krav på. Det er mykje som kan vere kritikkverdig utan å vere straffbart. For at det skal vere snakk om straffbar korruption må handlinga vere klart klanderverdig.

Moment ved vurderinga er mellom anna størrelsen på ytinga, grad av openheit og kva posisjon dei involverte har.

I dagleglivet vert ordet korruption og brukt når det ligg føre tette personlege band mellom partane, brot på reglar om habilitet og dobbeltrollar. Brot på reglar om habilitet kan i seg sjølv være forbode, men er ikkje korruption. Det systematiske arbeidet med antikorrupsjon i Helse Bergen innrettast slik at ein kan hjelpe medarbeidarar å unngå gråsoner, kritikkverdige handlingar og brot på reglar om habilitet. Difor er god kjennskap til reglar om habilitet viktig. Dette vil og forebygge mot straffbar korruption og andre straffbare økonomiske misligheter.

Ved førre rapportering vart det gjort ein omfattande gjennomgang av kva som finst av strukturar og verktøy som fungerer som barrierar opp mot dei aktuelle risikoområda.

Oppsummert er det tidlegare peikt på:

- Rutinar for varsling
- Etiske retningslinjer som gjeld for heile Helse Vest
- Rutinar for å melde og godkjenne bierverv
- Retningslinje om forholdet til leverandører/legemiddelindustri
- Retningslinjer for gåver, sponsoring og reklame i Helse Bergen, Haukeland universitetssjukehus

Kartlegging av risiko for korruption må ta utgangspunkt i dei konkrete forholda som kjenneteiknar den enkelte verksemd.

Vi tek som utgangspunkt at føretaket har størst risiko for korruption og økonomiske misligheter i møte med privat sektor. Risikoene vil vere størst når det ligg føre tette personlege band og andre koplingar mellom private interessentar og dei som tek avgjerder på vegne av føretaket.

Område der risiko er aktuell er mellom anna innkjøp og samarbeid og samhandling mellom medarbeidrarar og legemiddelfirma og leverandørar av medisinsk utsyr. Sjå her også punktet om innkjøp over, kor det er gjort greie for tiltak som og fungerer som ein barriere mot risiko for korruption og økonomiske misligheter. Ved førre rapportering retta vi og sokelyset på habilitet i samband med rekruttering.

Som forvaltar av ein rekke knappheitsgode er det også andre område kor det kan oppstå risiko for korruption og habilitetsproblematikk i eit sjukehus. Så langt har vi vore opptatt av å kartleggje og forbetre «grunnmuren» av tiltak og strukturar som skal fungere som barrierar mot at det skjer noko utilsikta. Etter kvart kan det vere aktuelt å dykke djupare ned i nokre av dei underliggende temaene.

I Helse Bergen blir dette området overordna tatt i vare av Drift/Teknisk divisjon, med støtte frå Økonomi- og finansavdelinga.

Forbetringsarbeid sidan førre rapportering

Ein gjennomgang av status for området antikorruption viste at det i 2024 måtte gjerast ein grundigare kartlegging av aktuelle risikoområde for korruption i føretaket. Dette slik at ein kan avdekke kor risiko er størst og setje i verk meir målretta tiltak som følgje av dette.

I tråd med dette er det i 2024 gjort eit arbeid med å få på plass tiltak som kan bidra til å auke god rolleforståing og god forståing for habilitetsproblematikk, både hos leiarar og tilsette. Vi viser her til:

- Arbeidet med E-læringskurs om “Leders handlingsrom og prinsipper for god og forsvarlig saksbehandling” vart påbegynt hausten 2024 og er i sluttfasen. I kurset vert habilitet som eit viktig prinsipp i all sakshandsaming løfta fram.
- På Helse Bergen sitt kurs for nye leiarar er varsling om kritikkverdige forhold, inkludert økonomisk kriminalitet som korruption, tatt inn som tema.
- Det er laget utkast til overordna retningslinje om habilitet for føretaket som også gir ei oversikt over relevante retningslinjer innan meir spesielle område. Tiltaket vert vidareført og skal slutførast i 2025.
- Retningslinjer om rekruttering kor habilitet som tema er særskilt adressert er publisert i Elektronisk kvalitetshåndbok (EK).

- Sjekklista i Webcruiter (IKT-system for rekruttering) er forbetra som leiarar nyttar og må fylle ut i samband med rekruttering er forbedra. Det er lagt til eit punkt om at leiar har vurdert sin eigen habilitet.

Oppdatert risikovurdering

Med dei eksisterande barrierane og tiltaka som er beskrive over, blir risikoene på dette området vurdert som å vere låg når det gjeld korruption. Risiko for brot på reglar om habilitet vert vurdert som medium.

Tiltak i 2025

I 2025 skal Personal- og organisasjonsavdelinga utvikla eit e-læringskurs om rekruttering. Habilitet vert adressert særskilt.

Ny forvaltningslov vert mest sannsynleg vedteken i løpet av 2025. Forvaltningslova sine reglar om habilitet vert noko endra og desse gjeld for føretaket. Føretakets juristnettverk vil ha ei gjennomgang av endringane. Retningslinjene om habilitet vert endra, dersom det er behov for det.

3. Internasjonalt samarbeid

Innleiing

Internasjonalt arbeid er omtalt særskilt fordi Helse Bergen har verksemd i ein del land med svakare lovregulering og høgare grad av korruption enn Noreg. Til dømes målt gjennom Transparency International sin årlege korruptionsindeks.

(<https://www.transparency.no/>)

Helse Bergen samarbeider med partnarsjukehus i Malawi, Zanzibar, Sør-Afrika, India og Etiopia med utveksling av helsepersonell (utestasjonering), utdanning av lokalt personell og støtte til infrastruktur.

Aktuelle tema som er vurdert under dette området:

- Helse Bergen-tilsette som blir utstasjonert
- Utvikling av infrastruktur i samarbeidsland

I Helse Bergen blir dette området overordna tatt i vare av Avdeling for internasjonalt samarbeid (AIS).

Helse Bergen-tilsette som blir utstasjonert

Helse Bergen sender kvart år omlag 10-15 tilsette på langtidsopphald (over 45 dagar) for å arbeide ved våre samarbeidssjukehus i sør. Samarbeidssjukehusa er alle offentlege

sjukehus med fri og gratis tilgang til pasientbehandling for lokalbefolkinga. Det er likevel teoretisk mogleg at Helse Bergen sine tilsette ute kan ta imot gåver og ytingar med vidare frå pasientar og pårørande for å få raskare behandling og tilgang på medisinar og andre sjukehustenester.

- I arbeidskontraktane til dei som blir utstasjonert er det understreka at bestikking og korupsjon er grunn til oppseiing
- Alle som blir utstasjonert i regi av AIS får eit informasjonsskriv der dette er eit tema.
- Det blir gjennomført samtaler før utreise og medarbeidarsamtalar under i ophaldet
- Korupsjon og bestikking er tema på årleg utreisekurs i regi av AIS

Oppdatert risikovurdering

Med dei eksisterande barrierane og tiltaka som er beskrive over, blir risikoen på dette området framleis vurdert som å vere låg.

Tiltak i 2025

Ingen ytterlegare planlagde tiltak.

Utvikling av infrastruktur i samarbeidsland

AIS har i løpet av årene inngått store kontraktar for bygg, anlegg og innkjøp av utstyr med lokale og internasjonale leverandørar, til dømes i Malawi og på Zanzibar. Alle byggeprosjekt er finansiert av eksterne midlar frå ulike private og offentlege donatorar (norske ambassadar/Norad og lokale myndigheter).

I Malawi vart traumesjukehuset Lilongwe Institute of Orthopaedics and Neurosurgery (LION) opna i april 2023 og eit bygg for rehabilitering opna i januar 2024 (ca. 300 mill. kroner totalt). I løpet av 2025 vert det nye Haukeland House opna (5,5 mill. kroner). Eit nytt intensivbygg for nevrokirurgi (55 mill. kroner), samt eit sengebygg for mor/barn og spinaleining (70 mill. kroner) er under bygging med forvente opning i 2026/27.

På Zanzibar er det bygd eit Haukeland House med elleve leilegheiter (4 mill. kroner), eit barnesjukehus (16 mill. kroner) og eit psykiatrisk sjukehus og aktivitetssenter (20 mill. kroner). Eit Ferdighetssenter/Skill Centre (6 mill. kroner) vart opna i november 2024, og det blir no bygd eit nytt psykiatrisk sjukehus på Pemba (21 mill. kroner).

Følgande tiltak er vidareført for å holde god kontroll på byggeprosessen og redusere risiko for korupsjon:

- Overhalde reglar for opne anbod og ryddige prosessar for anskaffingar frå norske ambassadar, Helse Bergen og lokale myndigheiter
- Nært samarbeid mellom AIS, Prosjektkontoret og Medisinsk-teknisk avdeling (MTA) knytt til større innkjøpskontrakter for bygg og utstyr
- Transparente kontraktar med leverandørar og byggfirma som i størst mogleg grad gjer rom for å betale ut kontraktssummar etappevis direkte frå HUS via AIS (check and balance)
- Jamlege byggmøte, både fysisk på byggeplassen og elektroniske statusmøte
- Kontrakt med lokal byggkontrollør (clerk of works/lokal arkitekt) for kontinuerleg oppfølging av byggeplass

Oppdatert risikovurdering

Med dei eksisterande barrierane og tiltaka som er beskrive over, blir risikoen på dette området framleis vurdert som å vere låg.

Tiltak i 2025

Ingen ytterlegare planlagde tiltak.

Oppsummering av område vurdert i 2024

Område/Tema	Oppsummert (kortfatta) status	Oppdatert risikovurdering	Sentrale tiltak	Eining med overordna ansvar
Innkjøpsområdet	Sykehusinnkjøp inngår og forvaltar kontraktane for størstedelen av innkjøpa. For innkjøp der Sykehusinnkjøp ikke inngår, er det gjort forbetringar som Power BI-rapport for avtalelojalitet og e-læringskurs.	Risikoer er relativt lik som tidlegare, men tiltak vil over tid kunne redusere risikoer.	KPI avtalelojalitet som del av verksemderapportering, e-læringskurs for relevant personell, aktiv bruk av avtalelojalitetsrapporten.	Forsynings- og innkjøpssenteret i Hospitaldrift.
Arbeidskraft hos kontraktørar	Helse Bergen stiller strenge krav i kontraktane og utfører kontrollar i tillegg til Sykehusinnkjøp sine kontrollar.	Risikoer vert framleis vurdert som låg.	Ingen nye tiltak for 2025.	Prosjektkontoret i Drift/teknisk divisjon.
Arbeidskraft innleigd i Helse Bergen	Bemanningssenteret har fullmakt til å gjere avrop på avtalar om innleige av personell.	Risikoer vert framleis vurdert som låg.	Ingen nye tiltak for 2025.	Personal- og organisasjonsavdelinga.
Medarbeidarar i Helse Bergen	Helse Bergen har som mål å redusere talet på tilkallingsvikarar og utvikle ein heiltidskultur.	Risikoer vert framleis vurdert som låg.	Ingen nye tiltak for 2025.	Personal- og organisasjonsavdelinga.
Medarbeidarar og mangfold	Helse Bergen arbeider aktivt for å auke inkludering, fremje likestilling og hindre diskriminering.	Risikoer vert framleis vurdert som låg.	Sjå tiltaksoversikt under Likestillingsutgreiinga 2024.	Personal- og organisasjonsavdelinga.

Klima	Helse Bergen har vedteke felles mål for å redusere klimagassutslepp, men det er risiko for manglande måloppnåing.	Risiko vert vurdert som relativ høg.	Arbeide vidare med klimabudsjettet, tiltak i handlingsplan etter leiinga sin årlege gjennomgang av miljøstyringssystemet.	Personal- og organisasjonsavdelinga.
Naturmangfald og økosystem	Helse Bergen har tiltak som freding av parken i Hagevik Sjukehus og etablering av takhage i Sentralblokka.	Risiko vert vurdert som låg.	Arbeide med ein utomhusplan for å identifisere mål og tiltak for å vareta naturmangfaldet og grøntareal.	Drift/Teknisk divisjon.
Økonomisk utruskap, bedrageri og underslag	Helse Bergen har fullmaktstruktur og kontrollrutinar for å førebygge økonomisk kriminalitet.	Risiko vert framleis vurdert som låg.	Ingen ytterlegare tiltak planlagd.	Økonomi- og finansavdelinga.
Antikorrupsjon og habilitet	Helse Bergen har rutinar for varsling, etiske retningslinjer og retningslinjer for habilitet.	Risiko for korruption vert vurdert som låg, medan risiko for brot på reglar om habilitet vert vurdert som medium.	Utvikle e-læringskurs om rekruttering, gjennomgang av endringar i ny forvaltningslov.	Drift/teknisk divisjon, med støtte frå Økonomi- og finansavdelinga.
Internasjonalt arbeid	Helse Bergen samarbeider med partnarsjukehus i fleire land og har tiltak for å redusere risiko for korruption.	Risiko vert framleis vurdert som låg.	Ingen ytterlegare planlagde tiltak.	Avdeling for internasjonalt samarbeid (AIS).

Bergen 03.04.2024

Terje Breivik
styreleiar

Per Morten Sandset
nestleiar

Rolf Martin Tande

Ivar Eriksen

Trude Husevåg

Ishita Barua

Marit Bakke

Karen-Anne Stordalen

Bjørn Liljestrand Husebø

Britt Heidi Tefre

Inge Stenestø Skogheim

Eivind Hansen
administrerande direktør

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Sandset, Per Morten

Nestleiar

Serienummer: no_bankid:9578-5999-4-1324657

IP: 129.240.xxx.xxx

2025-04-08 11:28:15 UTC

 bankID

Eriksen, Ivar

Styremedlem

Serienummer: no_bankid:9578-5999-4-1922603

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-08 11:37:35 UTC

 bankID

Skogheim, Inge Stenestø

Styremedlem

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-1551503

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-08 11:46:47 UTC

 bankID

Tande, Rolf Martin

Styremedlem

Serienummer: no_bankid:9578-5999-4-1206733

IP: 85.165.xxx.xxx

2025-04-08 18:36:35 UTC

 bankID

HUSEVÅG, TRUDE

Styremedlem

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-923949

IP: 81.175.xxx.xxx

2025-04-09 06:00:31 UTC

 bankID

Tefre, Britt Heidi

Styremedlem

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-2106117

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-09 11:09:36 UTC

 bankID

Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](#). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tillitstjenesteleverandør.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Hansen, Eivind

Administrerande direktør

Serienummer: no_bankid:9578-5999-4-1262874

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-09 14:53:40 UTC

 bankID

Stordalen, Karen-Anne

Styremedlem

Serienummer: no_bankid:9578-5997-4-372430

IP: 88.91.xxx.xxx

2025-04-09 22:59:11 UTC

 bankID

Breivik, Terje

Styreliar

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-362267

IP: 104.28.xxx.xxx

2025-04-10 11:27:38 UTC

 bankID

Barua, Ishita

Styremedlem

Serienummer: no_bankid:9578-5998-4-839412

IP: 89.10.xxx.xxx

2025-04-10 12:14:33 UTC

 bankID

Bakke, Marit

Styremedlem

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-4044528

IP: 84.213.xxx.xxx

2025-04-10 12:49:08 UTC

 bankID

HUSEBØ, BJØRN LILJESTRAND

Styremedlem

Serienummer: no_bankid:9578-5999-4-1973587

IP: 161.4.xxx.xxx

2025-04-11 12:48:09 UTC

 bankID

Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](#). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tillitstjenesteleverandør.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.